

Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 Austrheim

## **Varsling om tiltak utan nabovarsel på gbnr 152/11 Snekkeviken**

I midten av august 2022 oppdaga vi at det var under oppføring sperrebom foran avkøyrsla på gbnr 152/11 frå Austrheimsvegen.

Bommen er no ferdig oppført med hengelås utan at vi har motteke nabovarsel om tiltaket. Vi har ikkje fått forklaring på kvifor bommen er oppført og står utan nøkkel for opplåsing.

Bommen er til hinder for naudsynt tilkomst til dei fire utskilte hyttetomtane frå gbnr 152/11 og dei tre hyttene ut mot Skarpeneset, dvs. gbnr 152/28, gbnr 152/24 og gbnr 152/21 og skapar trafikkfårlege situasjonar.

Fleire av bruka har tinglyst tilkomst på sti frå avkøyrsla. Dei andre har gjennom «tålt bruk» i 24 år etter at Fonstraumbrua og Austrheimsvegen kom, nytta gangstiane frå avkøyrsla til hyttene.

Det er skilta busshaldeplass ved avkøyrsla.

Vi bed Austrheim kommune følgja opp saka med krav om søknad og nabovarsel, evt. krav om fjerning av bommen.

Austrheim 28. september 2022

Med helsing

Øyvind Lygre  
Medeigar av gbnr 152/32

Bjarne Nordø  
Medeigar av gbnr 152/31 og 152/28

Jan Nordø  
Eigar av gbnr 152/29 og medeigar av 152/30